

REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSUTVALET


Dato	26.10.20	Tid	17.30- 19.30	Stad	Fjell u., personalrommet
------	----------	-----	--------------	------	--------------------------

Namn	Repr.
Anita Vindenes	Leiar i FAU
Kathrine Mydland-Aas	Nestleiar i FAU
Magnus Straume	Leiar i elevrådet
Vilde Falck-Eikemo	Nestleiar i elevrådet
Renate Landro Lie	Lærarar
Bernt Arvid Vevle	Lærarar
Hildegunn Turøy	Andre tilsette
Nils Kåre Skoge	Politisk representant
Bente Kleppe Lervik	Fjell kommune, rektor

SAKER:

6/20	Konstituering SU vedtok at det kan vere god praksis å dele på vervet som leiar frå periode til periode, og at representant for tilsette skal vere leiar i SU dette året, så kan leiar i FAU tiltre på nytt som leiar neste skuleår. Leiar: Renate Landro Lie Nestleiar: Anita Vindenes
7/20	Møteplan: Vi legg møta til personalrommet på Fjell ungdomsskule, onsdagar frå kl. 17.30 til 19.00/19.30 <i>Datoar:</i> 9. des, 3. februar, 24. mars og 26. mai
8/20	Saker frå rektor <u>Oppstart</u> av skuleåret: Dette er eit spanande år i ny kommune. For tilsette er det ein del nye rutinar og system å setje seg inn i, og alt er ikkje harmonisert mellom dei tre tidlegare kommunane enno. Dette medfører litt høgare sakshandsamingstid. Vi tek i bruk dei nye læreplanane for 8. og 9.trinn, og er godt i gang med arbeidet med fagfornyinga.





	<p>Sidan mars har vi hatt ulike planar for å legge til rette for skuledrift i samsvar med trafikklysmodellen. I vår hadde vi ein periode med fjernundervisning, og ein periode med kombinasjon av undervisning på skulen og heime. Vi ser at elevane er glade for å kunne møte kvarandre fysisk. Vi tek smittevern på alvor. Vi har innført rutine med vask og spriting av hender om morgonen og i løpet av skuledagen, hengt opp plakatar om smittevern osb. Elvrådet har venta med å møte kvarandre fysisk. Den største risikoen er at elevane samlar seg under glasstaket på dagar med regn. Då er det ikkje mogleg å halde god nok avstand. Skulen treng uverskur, og tak over inngangspartia slik at ungdommane kan fordele seg på fleire stader.</p> <p><u>MOT- camp</u> i Trondheim: Rektorane på dei fire ungdomsskulane i kommunen deltok på samling med tema MOT som samfunnsbyggar. Samlinga gav betre innsikt i MOT-programmet og inspirasjon til å drive arbeidet vidare.</p> <p><u>Økonomi</u>: situasjonen er krevjande, tildelinga er knapp. Vi har midlar til å dekke lovpålagte oppgaver, men har ikkje ressursar til det viktige førebyggjande arbeidet. Vi vil få refundert ekstrautgifter i samband med korona.</p> <p><u>Skuleturar</u>: Polenturane kan ikkje gå som planlagd på grunn av Koronarestriksjonar. Vi ser på alternative reiser i eige land. Den nye læreplanen legg opp til overnatting ute, mellom anna i faget kroppsøving. Vi må sjå på nye ordningar for skuleturar.</p>
9/20	<p>Saker frå FAU</p> <p>Tidlegare leiar i FAU på Fjell ungdomsskule har vore leiar i SU i fleire år, og har gjort ein svært god jobb. Ho har laga oversikt over FAU-arbeidet og utarbeidd eit årshjul med rutinar for dei ulike arrangementa som FAU har stått i spissen for. Dette er eit godt utgangspunkt for det nye FAU.</p>





	<p>Tradisjonelt har det vore tre arrangement for elevane på kveldstid: <i>Halloweenparty</i> om hausten, <i>Valentinball</i> i februar og ein aktivitetskveld med grilling i juni.</p> <p>FAU har vurdert smittesituasjonen no i haust til at ei samling for heile skulen er uaktuell. SU ser at det er viktig at elevane kan samlast for å gjere noko sosialt likevel. Vi oppfordrar derfor til klassevise arrangement i tida før jul i staden for eit tradisjonelt Halloweenparty. Elevane bør vere involverte i planlegging og gjennomføring, og kan påverke om det vert Taco-kveld, julebord, brettspelkveld eller liknande. Arrangementa må gjennomførast ut frå dei til ein kvar tid gjeldande smittevernreglane. Akkurat no er det tillat å samle 50 stk.</p> <p>Valentinsballet: Det er usikkert om situasjonen gjer at ein kan samle alle elevane i februar. FAU har derfor forslag om å A: utsetje ballet til påskeball og plan B: arrangerre trinnvis.</p>
10/20	<p>Saker frå elevrådet</p> <p>Klasseturar er viktige, og representantane ønsker at vi må sjå på om det er rom for å halde fram med å reise på skuletur.</p> <p>Festar: Valentin og halloween. Det er eit sterkt ønske om å få i stand festane slik det har vore tradisjon for i samsvar med smittevernreglar. Har lyst å gjere noko kjekt på Luciadagen: Bake lussekattar. Dei kan sende søknad til FAU om pengestøtte til ingrediensar.</p>
11/20	<p>Eventuelt</p> <p>Klassemiljø: lage noen små videosnutter m presentasjon av klassen, <i>dette er oss</i>. Elevrådsrepresentantane tek saka med til elevrådet.</p>

Neste møte: 9. desember 2020

Fjell ungdomsskule 16.10.20

Bente Kleppe Lervik

Rektor





ADRESSE: Bjørkestølen 41, 5353 Straume
TELEFON: 55 09 77 00

NETTSIDE: www.fjell.no/fjellungdomsskule
E-POST: fjellungdomsskule@fjell.kommune.no